

KVA HENDER I



Fjelberg prestegjeld

Nr 2 September 2006 22.Årg.

Du er verdfull!

Vi kan ha både negative og positive tankar om oss sjølve - likeså kjensler. Kva vi tenkjer og kjenner om oss sjølve er viktig for sjølvbiletet vårt, for sjølvkjensla. Livet vert vanskeleg å leva når dei negative tankane og kjenslene om oss sjølve får overtaket.

Mange kjenner Jantelova som byrjar slik: Du skal ikkje tru du er noko.

Det er laga ei Antijantelov som seier mykje positivt om oss. Den lyder slik:

1. Du er eineståande.
2. Du er meir verd enn nokon kan måla.
3. Du kan noko som er spesielt for deg.
4. Du har noko å gi andre.
5. Du har gjort noko du kan vera stolt av.
6. Du har store ubrukte ressursar.
7. Du duger til noko.
8. Du har evne til å forstå og læra av andre.
9. Du kan godta andre.
10. Det er nokon som er glad i

deg.

Gud elsker deg. Du er verdfull for Han. Han er skaparen og frelsaren.

For så elska Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv. Joh. 3,16.

Du er verdfull!

TN

Kyrkjeskip til Eid kyrkje

Sundag 11. juni vart ein merkedag for kyrkjelyden i Eid. I samband med 150-års jubiléet for "Skjoldmøen", hadde ein flokk flinke trearbeidarar laga ein modell av skuta. Denne sundagen vart ho gitt i gåve til Eid kyrkje.

Det vart ein svært fin dag, både utafør og inni kyrkja. Mykje folk kom, og dei som ikkje fekk plass, hadde tilbod om å køyra til klosteret der gudstenesta skulle synast på storskjerm.

Då folk kom inn i kyrkja, fall blikket straks på det vakre skipet som stod i koret. Både biskopen og prosten vitja kyrkja vår denne

dagen. Det var også oppretta eit barnekor for dette høvet. Borna som song, kom både frå Halsnøy og Fjelberg. Desse fekk gå fyrst i prosesjonen; deretter kom klokkar og tekstlesar, prest og prost - og til slutt bispen.

Etter inngongssalmen, song barnekoret eit par songar. Det var frisk og sprudlande song som kyrkjelyden sette pris på. - Seinare i gudstenesta song óg ei lita gruppe born frå Fjelberg.

Fortsettelse side 4.



Kyrkjeskipet Skjoldmøen

KVA HENDER I FJELBERG PRESTEGJELD

Eit meldingsblad for Fjelberg prestegjeld

Redaksjonen:

Soknepresten	53 47 62 47
Norunn Agdestein	53 47 64 64
Harald Thuestad	53 47 27 76
Roar Sæbø (kasserar)	53 47 63 60

KYRKJELEGE ARBEIDARAR:

Terje Nag	53 49 40 64
Sokneprest	

Ole A. Helland	984 16 333
Organist	

Grete Svalland	53 47 64 72
Kontormedarb.	

Fjelberg og Eid sokneråd:

Oddmund Tofte	53 47 40 81
Soknerådsformann	

Fjelberg kyrkje:

Grete Svalland	53 47 64 72
Kyrkjetenar/klokkar	

Eid kyrkje:

Håvard Eide	53 47 64 20
Klokkar	

Idar Bjørgen	53 47 72 55
Kyrkjetenar/gravar	

Kontortid, kyrjekontoret.

Tysdag og torsdag kl. 11.00-14.00

Telefon	53 47 62 47
Fax	53 47 20 22

Internettsider:

www.kyrkja-kvinnherad.no
www.menighetsblad.no

e-mail til redaksjon:

red.fjelberg@knett.no

Trykking og utsending av blad kostar. Det vert ikkje billigare med åra. Ønsker DU å støtta til, kan du betala til kontonummer: 0530.03.52369. All gåve tas imot med TAKK.

DØYPTE I EID

21.05.06 Dorteia Jakobsen Benjaminson
21.05.06 Jannike Myhre Arnevik
04.06.06 Maria Østvik Emmerhoff
04.06.06 Elias Vik
04.06.06 Adrian Sjo Tofte
04.06.06 Kyrre Hvidevoll Fredriksen
09.07.06 Odin Hobrad Bjelland

DØYPTE I FJELBERG

02.07.06 Tanya Sjo
13.08.06 Emma Ludvigsen Bjellebø

VIGSLAR I EID

Halsnøy Kloster:

20.05.06: Solrun Drejer og Dag Ove Vareberg

Eid kyrkje:

17.06.06: Hjørdis Emmerhoff og Terje Anuglen

24.06.06: Kjersti Hauge Tofte og Rune Faksvåg

22.07.06: Monica Anette Haugsdal og
Frode Lygren Pettersen

19.08.06: Velsigning: Gunnbjørg Andreassen og
Jon Håkon Øen

Fjelberg kyrkje

:

27.05.06: Heidi Anita Simonsen og Per Gunnar Nordbø

24.06.06: Olga Karin Risa og Kjell Rune Asmervik

08.07.06: Sunniva Austlid og Morten Lyngås Føyen

GRAVLAGDE I EID

11.04.06 Signe Bolette Landa
16.05.06 Magnus Birger Monssen
13.06.06 Kristine Bruun Sandvik
11.07.06 Lovise Nilsine Seberg
01.08.06 Edith Sigfrid Hauge

Nytt speidarhus

Speidarhuset brann ned til grunnen den 13. august 2004.

Sjølv om speidarane har vore utan hus i vel to år, har aktivitetane vore i gong.

Det nye huset vert bygt på tomta til det gamle speidarhuset i Sæbøvik. Arealet på det nye huset er 148m² som før. Det vert eit stort fellesrom på 80m² oppe med kjøken.

Mykje talar for at huset vert teke i bruk ein gong i oktober.

Vi ynskjer speidarane lukke til med det nye huset.

Fellesgudstenester

Frå 1. januar 2006 vart Fjelberg sokn og Eid sokn slått saman til Fjelberg og Eid sokn. Vi har no to kyrkjer i eitt sokn. Då kan det vera meir naturleg å tenkja seg nokre fellesgudstenester for heile soknet i kyrkjene.

Det har vore skriftemålgudsteneste i Fjelberg kyrkje på Bots- og bededag og gudsteneste i Eid kyrkje Helgemessesøndag. Kvifor ikkje gjera desse gudstenestene til fellesgudstenester for heile soknet?

Nokon kan undra seg over kva ei skriftemålgudsteneste er. Det er ei enkel gudsteneste kor det allmene skriftemålet er tatt i bruk. I Allment skriftemål har vi syndsvedkjenning, ordet om binde- og løysemakta og tilseiing av forlating for syndene ved handspålegging. Det siste skjer framme ved altarringen.

Røynslar syner at mange menneske har fått hjelp til å leggja fortida bak seg gjennom skriftemålet.

På Helgemessesøndag minnst kyrkjelyden kvart år alle i soknet som er døde sidan sist Helgemessesøndag.

I år vert det skriftemålgudsteneste 29. oktober i Fjelberg kyrkje og gudsteneste Helgemessesøndag, 5. november i Eid kyrkje. Hjarteleg velkomne til gudstenestene.

TN

Barnekoret

Øvingane i barnekoret startar opp på Sætre bedehus tysdag 29. august klokka 17.00. Alle som har lyst å synge og som er ca. 6-13 år kan vere med. Øvingane er flytta frå bygdauset på Borgundøy til Sætre bedehus då born frå Halsnøy er interessert i å vere med. Kom med og syng i eit godt miljø. Bjarnhild og Ole.

Høylandsbygd Bedehus skal byggest ut og pussast opp.

Styret i bedehuset kalla inn til bygdemøte den 29.06.06 og etter den positive responsen som dette møte gav, har styret fatta vedtak om å byggja ut huset med nytt inngangsparti, utviding av storsalen, nytt kjøken, sanitæranlegg og oppvarmingssystem slik at huset på ein betre måta kan nyttast innan barne og ungdomsarbeid. Bedehuset er opphavlig bygd i 1924. Seinare har det vore noko

Gudstenesteliste for Fjelberg og Eid

10.sept	Kl. 11.00	Fjelberg	
17.sept	Kl. 11.00	Eid	Familiegudsteneste, 11-åringane får NT
24.sept	Kl. 11.00	Fjelberg	Haustattakkefest, familiegudsteneste
01.okt	Kl. 11.00	Høylandsbygd	
08.okt	Kl. 11.00	Eid	Nattverd
15.okt	Kl. 11.00	Fjelberg	Nattverd
22.okt	Kl. 15.00	Eid	Familiegudsteneste, bok til 4-åringane
29.okt	Kl. 11.00	Fjelberg	Skriftemålgudsteneste
05.nov	Kl. 11.00	Eid	Nattverd
10.nov	Kl. 19.00	Fjelberg	Kveldsgudsteneste, bispevisitas
12.nov	Kl. 11.00	Eid	Visitasgudsteneste, nattverd
19.nov	Kl. 11.00	Høylandsbygd	
03.des	Kl. 11.00	Fjelberg	Nattverd
03.des	Kl. 18.00	Eid	Lysmesse v/speidarane
10.des	Sjå plakat	Fjelberg	Konsert
17.des	Sjå plakat	Eid	Konsert

Spesielle hendingar

17.sept. Utdeling av N.T til 11-åringane

22.okt. Utdeling av bok til 4-åringane

Visitas i Fjelberg og Eid sokn

Det vert visitas av biskop Ole D. Hagesæther i Fjelberg og Eid sokn frå onsdag 8. til og med søndag 12. november i år. Det er nesten 13 år sidan sist visitas. Den var ved biskop Per Lønning 27.-30. januar 1994.

Det ligg ikkje føre noko program for visitasen enno. Truleg vert dette innhaldet i programmet:

*Stabsmøte og samtalar med tilsette og rådsleiar

*Samrådsmøte med soknerådet og tilsette

*Kveldsgudsteneste i Fjelberg kyrkje

*Visitasgudsteneste i Eid kyrkje om søndagen med visitasforedrag

*Skulegudstenester

*Spørjetime m/biskopen på Øyatun ung-

domsskule

*Møte med lærarane

*Besøk på Halsnøytunet

*Møte med kommunen

*Kontorvisitas

*Kyrkjelydsfest

*Besøk på bedrift

Før visitasen skal det liggja føre ei visitasmelding om liv og verksemd i soknet og rapportar frå kyrkjevevja og prostens om tilstanden for kyrkjer og kyrkjegardar.

Det er vårt håp at visitasen må vera til velsigning for kyrkjelyden og ynskjer biskop Ole D. Hagesæther velkomen til visitas i Fjelberg og Eid sokn.

TN

fornya og pussa opp i 1958 og står nå for ei skikkeleg opprusting. Tomtespørsmålet og spørsmålet til Vegvesenet er avklara og nødvendige dokumentasjon er sendt til Kommunen for godkjenning.

Heile ombyggingsarbeidet er kalkulert til å kosta 1.045.000,- Av dette beløpet har Bedehuset til nå samla inn, nær på kr. 400.000,- og restbeløpet er tenkt finansiert med ein ny storbasar, tilskott, gaver og dugnadsarbeid.

Høylandsbygdarane er vant til å stå skulder ved skulder når noko skal

gjerast og styret håpar at mange vil ta del i dugnadsarbeidet når arbeidet er kommen i gang.

Barneforeningen "Lyngblomsten" er over 80 år og såleis den eldste barneforeningen på Halsnøy. Etter denne ombygginga vil denne og andre foreiningar få langt betre plass og arbeidsforhold.

Johannes Eide

Kyrkjeskjip forts. Prest-en ønskte velkomen til kyrkje, og så fekk Johs. G. Eide ordet. Han har vore primus motor for kyrkjeskjip-prosjektet, og han fortalde litt om dette arbeidet og kven andre som hadde vore med i gruppa: Edmund Jensen, Halvard Eide, Erling Eide, Ragnar Njøs, Aud Eide, Sigmund Sjo, Alf Hillestad og Magnus Monsen. Dei to sist-nemnde, som begge er døde, vart minna med eitt minutt stille.

Soknerådet sin formann, Oddmund Tofte; tok imot kyrkjeskjipet på kyrkjelyden sine vegne. Og soknerådet takka for gåva med å gi kvar av dei som hadde delteke, ei rose.

Soknepresten hadde liturgien før talen, men det var biskopen som heldt preika. Han tykte teksten for

dagen, Matt, 28, 16-20, passa svært godt til situasjonen. Skjipet skulle minna oss om kor viktig det er å reisa ut i verda med budskapet. Men kyrkjeskjipet skulle også få oss til å tenkja på at me heile livet er på reise, og det er viktig å vera med på det skjipet som fører oss til Gud. På skjipet kan ein "snubla og falla på dekk", men like fullt er ein om bord, på reise til æva.

Prosten gjorde altertenesta etter talen. Såleis var både biskop, prost og prest medverkande denne dagen. Då gudstenesta var slutt, fekk kyrkjelyden høve til å helsa på biskop og prost utanfor kyrkjedøra.

Til slutt kan det nemnast at kyrkjeskjipet no er kome på plass i kyrkja. Det er eit vakkert syn der det heng mellom lysekrona og galleriet.



Båtbyggerane

Me ser at det er ei svært verdfull og verdig gåve me har fått til kyrkja vår - og vil igjen få seia TAKK til dei som har vore med å laga og gitt oss dette flotte kyrkjeskjipet!

NA

Konf.Camp med ny vri



For tredje året på rad fekk konfirmantane i kyrkjelyden vår tilbod om å delta på Konf.Camp. Denne leiren vart - som før - halden på Risøya litt aust for Tvedestrand. Men som overskrifta seier, vart det i år med ny vri. Far til ein av konfirmantane heiter nemleg Georg Eide, og dermed fekk deltakarane eit tilbod heilt utanom det vanlege. Han sette i stand ein båt som firmaet eig, slik at det vart soveplass til alle om bord. Såleis fungerte båten både som skyss og "hotell".

Reisa nedover til leiren vart ei drøymereise - med strålende ver; maten vart innteken ved langbord på dekk, - det vart grilla og nokre konfirmantar bakte kaker om bord. Dei hadde ei overnatting på turen - i Egersund. Sjølv om det kunne vera litt trongt i lugarane (ein for jentene og ein for gutane), var bu-tilhøva riktig brukande. I det fine veret kunne varmen bli litt intens,

men dette vart retta på med vifter.

På leirplassen var det eit yrande liv: 400 konfirmantar var samla der, og i tillegg var det mange deltakarar på Skjærgårdsgospelen som går hand i hand med Konf.Campen. Bibeltimane var veldig gode, opplagde på ein måte som fengde ungdommane. Dei som leia bibeltimane, var engasjerande. Seinare var det båtbyggjing til "Ta sjansen". Her gjorde våre konfirmantar det ganske bra. Dei bygde ein riktig fin båt som vann tredje plass ved publikumsrøysting. På ettermiddags og kveldstid kunne ungdommane delta på det dei hadde lyst til sjølve. Det vart mykje bading. Som i fjor, var det konsertar frå storscenen nokre kveldar, og ein av desse konsertane samla 6-7000 tilhøyrarar og vart ei "knalloppleving" for dei som var der.

Det var 24 konfirmantar på

leiren. - saman med presten og 5 foreldre. Foreldra skiftet om å ha brannvakt om bord om nettene, og dei hjelpte elles til med vakthald på anna vis. Dei kunne fortelja at det var ganske travle døger, men dei syntest det var eit riktig bra opplegg.

Heimvegen gjekk ikkje like knirkefritt. Då fekk dei noko hard sjø. Dette førte til at mange vart sjosjuke, og båten måtte ta seg inn til Flekkefjord. Derfrå køyrde dei fleste heim med buss. Men minna som sit igjen, er alt det kjekke dei har opplevd.

Soknerådet ønskjer - i samband med denne reportasjen - å få retta ei inderleg takk til Georg Eide. Grunna innsatsen hans, blei denne turen ei ekstra flott oppleving for konfirmantane våre.